



Austevoll kommune

Arkivsaknr: 2024/2466-3

Saksbehandlar: Thomas Martin Larsen

Avdeling: Økonomi og IKT

## SAKSFRAMLEGG

Budsjett 2025 - Økonomiplan 2025 - 2028

### Utval

	Ungdomsråd et	
	Eldrerådet	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsev ne	
54/24	Utval for oppvekst, skule og kultur	25.11.2024
	Utval for helse	
	Formannska pet	
	Kommunest yret	

## **Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak**

1. Austevoll kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett for 2025 og økonomiplan 2025-2028.
2. Austevoll kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til investerings- og finansieringsbudsjett for perioden 2025-2028.
3. Austevoll kommunestyre vedtar at renteinntekter fra fondsmidlar i 2025 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.
4. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil 35,2 millionar i 2025. Kr 20,2 millionar av desse er med heimel i kommunelova § 14-15 første ledd, varige driftsmidlar, og kr 15 millionar med heimel i kommunelova § 14-17, lån til vidare utlån (startlån). kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra innafor ramma til finansreglementet.
5. Austevoll kommunestyre vedtek at kommunedirektøren får løyve til å ta opp kassekreditt på inntil 30 millionar for å sikre løpende likviditet gjennom året.
6. Austevoll kommunestyre vedtek følgjande finansielle måltal, jf. kommunelova §14-2:
  - a. Netto driftsresultat - 1,75 % av driftsinntekter
  - b. Disposisjonsfond - 13 % av driftsinntekter
  - c. Netto lånegjeld - 90 % av driftsinntekter
7. Austevoll kommunestyre gir kommunedirektøren løyve til å starte opp konseptfase for prosjekta Hjartesone Storebø skule, carport heimetene og oppgradering av Prestanesvegen. Konseptfasen skal finansierast med midlar frå investeringsposten "prosjekt i utgreiingsfase.

## **Politisk behandling**

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, utval for oppvekst, skule og kultur og utval for helse.

Saka skal innstilling i formannskapet

Endeleg vedtak i saka blir fatta av kommunestyret.

## **Kort samandrag**

I denne politiske saka skal kommunestyret vedta årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025 – 2028. Framlegget til årsbudsjett og økonomiplan bygger på økonomiplanen for 2024 – 2027, og det er kommunestyret sine vedtatte måltal for økonomistyring som er styrande for kommunedirektøren sine tilrådingar. Med nytt inntektssystem, vedtatt i juni 2024, vil Austevoll kommune få ein reduksjon på ca kr 28 mill i varige inntekter frå 2026. Regjeringa kom med ei ekstraløyving 1. nov 2024 som utgjer kr 4,142 mill i 2025. Dette er varige inntekter.

I økonomiplanen er det lagt opp til eit negativt driftsresultat på kr 5,3 mill i 2025. Kommunen vil i 2025 få om lag kr 505,5 mill i inntekter, inkludert midlar frå havbruksfondet. Men inntektene vil ikkje dekke dei totale kostnadane, og det er nødvendig å legge inn betydelege innsparinger i driftsorganisasjonen for å kunne nærme seg eit positivt driftsresultat. Det er foreslått innsparinger på om lag kr 30 mill i 2025, og kr 10 mill per år i

økonomiplanperioden. Investeringane blir redusert til ca kr 20 mill per år, noko som betyr at prioriteringane blir tøffe. Situasjonen ville vore betydeleg meir krevjande utan havbruksinntektene, alle midlane frå havbruksfondet blir brukt i drift. Det er ein risiko å vere avhengig av havbruksmidlar, desse inntektene er variable og det er usikkert korleis desse inntektene vil utvikle seg i åra framover. Innsparingar på drift og reduserte investeringar vil få konsekvensar for både lokalsamfunn, tenester, aktivitetar og organisasjon. Det nye inntektssystemet vil sikre at Austevoll kommune framleis ligg over landsgjennomsnittet på skatteinntekter, med 23 % over snittkommunen. Den store utfordringa blir å handtere overgangen til det nye inntektssystemet. Det er derfor viktig at kommunen tar tydelege grep, så tidleg som mogleg, for å tilpasse seg nye rammevilkår.

Dette er ei politisk sak som skal utdjupe versjonen av økonomiplanen som ligg i Framsikt: [Austevoll kommune](#).

I Framsikt ligg det også svar på spørsmål som er kom inn til årsbudsjettet og økonomiplan: [Politiske spørsmål og svar](#)

## Saksopplysningar

### Bakgrunn

Austevoll kommune og alle kommunar i Norge blir i hovudsak finansiert med overføringer frå staten. For å sikre at alle kommunar skal ha tilnærma like vilkår til å yte tenester til sine innbyggjarar, er det i utvikla eit inntektssystem som søker å utjamne ufrivillige forskjellar mellom kommunane. Dette inntektssystemet blir revidert i 2025, og har stor innverknad på Austevoll sine inntekter i framtida. Inntektssystemet består av tre hovuddelar:

- Rammetilskot med utgiftsutjamning
- Skatteinntekter med inntektsutjamning
- Regional politikk

### Dagens inntektssystem - tre hoveddeler

Utgiftsutjeving (kostnadsnøkler)	Skatteinntekter og inntektsutjeving	Regionalpolitikk

Summen av dei tre hovuddelane i inntektssystemet blir kalla kommunen sine "frie inntekter". Det vil seie inntekter som kommunestyret fritt kan disponere på best mogleg måte for kommunen basert behov, lovkrav og politiske prioriteringar.

### Rammetilskot med utjamning

Utgifter til det kommunale tenestetilbodet kan i stor grad skuldast høve som er utanfor

kommunane si kontroll. Dette kan til dømes vere forskjellar innan befolkningssamsetting, geografi eller andre sosioøkonomiske forhold. Målet med utgiftsutjamninga er å gjere desse forskjellane mindre ved å fordele om overføringane til kommunane basert på kor store utgifter ein “gjennomsnittskommune” har. Dette blir kalla kommunane sitt utgiftsbehov. Austevoll kommune har eit utgiftsbehov som er rekna til å vere 12,31% høgare enn gjennomsnittskommunen i 2025.

### **Skatteinntekter med inntektsutjamning**

Inntekt frå skatt og inntektsutjamning er ei viktig inntektskjelde for kommunane. Fram til og med 2024 har kommunane fått tildelt ein del av innbyggjarane sin inntekts- og formues- og utbytteskatt. I nytt inntektssystem som gjeld frå 2025, blir utbytteskatt og halvparten av formuesskatten halde utanom grunnlaget som blir fordelt til kommunane. Heile utbytteskatten fell bort i 2025, medan reduksjonen i formuesskatten blir fordelt over 2025 og 2026. For å jamne ut store inntektsforskjellar mellom kommunane, er det laga ei utjamningsordning av skatteinntektene til kommunane. Fram til 2024 har kommunar som har høgare inntekt enn “gjennomsnittskommunen” fordelt 60% av inntekta som er over gjennomsnittet. I det nye inntektssystemet skal kommunane med inntekter over gjennomsnittskommunen fordele 62% i 2025 og 64% frå 2026. I den nye ordninga er alle kommunar sikra ei skatteinntekt som er 95% av gjennomsnittet.

Skatteinntekta til Austevoll kommune har dei siste åra vore ca. 50% høgare enn gjennomsnittet, og kommunen har bidrøge med over 60 millionar årleg til omfordelinga (inntektsutjamning). I det nye inntektssystemet viser prognosar at kommunen vil ha skatteinntekt som er 23% høgare enn gjennomsnittet, og om lag 38 millionar i inntektsutjamning.

### **Regional politikk**

Dette er overføringer og midlar til ulike politiske prioriteringar som Nord-Noreg tilskot, Sør-Noreg tilskot, vekstkomunetilskot og storbytilskot. Desse er ikkje aktuelle for Austevoll i 2025.

### **Saker med særskilt fordeling**

Saman med rammetilskotet blir det også fordelt midlar til særskilte saker. Austevoll kommune vil få eit eingongstilskot i 2025 på kr 5,9 mill, som ei overgangsordning i samband med det nye inntektssystemet.

### **Inntekter i budsjett og økonomiplan 2025 – 2028**

I budsjett og økonomiplanen for 2025-2028 er det lagt inn rammetilskot og skatteinntekter på kr 468,9 mill 2025. Dette er om lag kr 2,5 mill lågare enn det som statsforvaltar har oppgitt i anslaget sitt. Inntektene er justert for ekstraløyving frå regjeringa som blei gitt 1. november. For å berekne frie inntekter i perioden frå 2026 til 2028 er det anslått ei årleg vekst i kommunane sine frie inntekter på kr 6 mrd.

I tillegg til rammetilskot og skatteinntekt kjem utbetaling frå havbruksfondet og andre mindre tilskot frå staten som frie inntekter til kommunen. Utbetalingar frå havbruksfondet er rekna ut med hjelp frå konsulentbyrået Kontali, som byggjer sine utrekningar på dei

føresetnadane som staten byggjer på. Oversikt over utbetalingar frå havbruksfondet:

2025	2026	2027	2028
13,8 millionar	54,8 millionar	16,2 millionar	69,8 millionar

Totalt sett vil Austevoll kommune i 2025 få om lag kr 505,5 mill i frie inntekter.

### Andre inntekter

I tillegg til overføringane som ligg i dei frie inntektene har kommunen også inntekter som er knytt til tenesteproduksjonen. Dette gjeld til dømes gebyr- og brukarbetaling for ulike tenester. Nokre av desse inntektene er basert på sjølvkostprinsipp, noko som betyr at eventuelle overskot frå inntekta skal bli sett av til bundne fond og bli nytta til å redusere gebyra i framtida eller dekke inn underskot. Døme på slike gebyr er frå plan- og byggesak eller feiring. Vedlagt i saka er det gjort ei berekning som viser sjølvkost grad knytt til dei ulike gebyra. Høg sjølvkostgrad betyr at kommunen nytta mindre av eigne midlar til produksjon av tenesta, og det er brukarane sjølve som finansierar produksjonen.

I samband med mottak av flyktningar mottar kommunen tilskot frå staten, da dette er ei oppgåve som ikkje blir fanga opp av det ordinære inntektssystemet. I budsjett for 2025 er det lagt inn inntekter basert på dei flyktningane er i kommunen per i dag. Dette betyr at tilskotet kan bli endra i løpet av 2025 dersom kommunen tar i mot fleire flyktningar eller at eksisterande flyktningar flytter ut av kommunen.

Ordninga med refusjon av kostnader til ressurskrevjande helsetenester blir endra i 2025. I budsjett for 2025 er nivået på refusjonen vidareført på linje med budsjett i 2024 og rekneskap 2023. Kostnadsbehovet innan dette området har stor variasjon, slik at kommunedirektøren vil komme tilbake til ny berekning av denne refusjonen i 1. tertialrapport.

### Utgifter i budsjett og økonomiplan 2025 – 2028

Framlegg til økonomiplan 2025 – 2028 byggjer på dei driftsutgiftene som ligg i økonomiplanen for 2024 – 2027. Utgiftene med driftsorganisasjonen (inklusive avskrivingar) ligg på om lag kr 502 mill. i 2025. I tillegg er det finansutgifter på kr 34,2 mill.

Finansutgiftene vil bli redusert i økonomiplanperioden basert på rentenedgang og at netto låneopptak i perioden er kr 0. Denne gjeldsprofilen bidreg til at kommunen nærmar seg måltalet om ei gjeldsgrad på 90% av inntektene i 2028. Det vil også vere auke i driftsutgifter innanfor enkelte sektorar. Mellom anna vil driftstilskotet til barnehagar auke med kr 6 mill, og institusjonsplass i barnevernet vil ha ein kostnad på kr 2,4 mill per år.

### Innsparingar på kr 30 mill

Kommunen sine utgifter blir høgare enn inntektene. For å sikre eit positivt driftsresultat, er det lagt inn innsparingar på nærmere kr 30 mill i drifta i 2025. Eit negativt driftsresultat betyr at kommunen må bruke sparepengane frå disposisjonsfondet til å dekke underskotet.

Innsparingstiltak på kr 30 mill er fordelt på alle sektorane i kommunen, der det er identifisert innsparingstiltak for følgjande beløp:

- Helse og velferd: kr 10,2 mill
- Oppvekst, kultur og fritid: kr 6,7 mill

- Samfunnsutvikling: kr 7,3 mill
- Administrasjon, stab og støtte kr 5,6 mill

## Investeringar

For å redusere finansutgiftene i økonomiplanperioden, er investeringane redusert. Utgangspunktet er å ha ein låneprofil som er tilnærma lik avdragprofilen, slik at gjelda viser ei positiv utvikling i forhold til vedtatt måltal på 90 % av inntektene. Totalt sett er det foreslått investeringar på kr 73,25 mill i økonomiplanperioden. I 2025 er det lagt opp til investeringar for kr 27,2 mill.


## Finans og lån

Med investeringsprofilen angitt over vil utviklinga i lånegjelda, utan startlån, sjå slik ut:

<b>Netto lånegjeld</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>	<b>2028</b>
Lån 01.01	579 290 000	590 290 000	590 290 000	590 290 000	590 290 000
Låneopptak	30 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000
Avdrag	19 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000	20 000 000
<b>Gjeld 31.12</b>	<b>590 290 000</b>				

Lånegjelda er planlagt å ligge på eit stabilt nivå i økonomiplanperioden og dette førar til at gjeld per innbyggjar blir redusert:

## Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar




Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Austevoll kommune	102 154	103 479	104 831	108 821	115 116	115 478	114 996	114 763	112 497

I 2023 var gjennomsnittleg gjeld i kommunane utanom Oslo kr 97 807 og kr 112 083 i Kostra gruppe 2 som Austevoll hører til.

## Driftsresultat i økonomiplanperioden

Austevoll kommune har eit mål om å ha eit netto driftsresultat (overskot) på 1,75% av driftsinntektene per år. I framlegget til årsbudsjett 2025 er det lagt opp til eit negativt driftsresultat (underskot) på kr 5,3 mill. I økonomiplanperioden vil driftsresultatet ha store svingingar på grunn av inntektene frå havbruksfondet. Figuren under viser denne utviklinga.

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Austevoll kommune	6,7 %	2,8 %	4,9 %	-2,2 %	0,1 %	-0,9 %	3,7 %	-2,9 %	5,2 %
Måltall	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

## Kommunedirektøren si vurdering

Det nye inntektssystemet vil krevje økonomisk omstilling i Austevoll kommune. Framlegget til statsbudsjett 2025 viser at Austevoll kommune vil miste om lag kr 28 mill i varige inntekter per år frå 2026. I 2025 får kommunen ein kompensasjon på kr 5,9 mill for endringane i inntektssystemet. I tillegg har regjeringa kome med ei ekstraløyving på kr 4,142 mill i varige inntekter frå 2025. Tala viser at utgiftene er høgare enn inntektene, og kommunen må ta tydelege grep for å tilpasse seg nye rammevilkår. Kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025 – 2028 bygger på økonomiplanen for 2024 – 2027. I tillegg er kommunestyret sine vedtatte måltal for økonomistyring styrande for tilrådingane. Måltala som er vedtatt:

- Nettodriftsresultat - 1,75 % av driftsinntekter
- Disposisjonsfond - 13 % av driftsinntekter
- Netto lånegjeld- 90 % av driftsinntekter

Det er viktig å understreke at Austevoll kommune framleis vil ligge over landsgjennomsnittet på skatteinntekter, med rundt 23% over gjennomsnittskommunen. Den store utfordringa er å handtere overgangen til det nye inntektssystemet. Kommunen må derfor lage ein strategi for å sikre denne overgangen på best mogleg måte.

## Høgare utgifter enn inntekter

Austevoll kommune vil få om lag kr 505,5 mill i frie inntekter, inkludert midlar frå havbruksfondet. Rammetilskot og skatteinntekter utgjer kr 468,9 mill 2025. Dette er

tilråding frå KS sin prognosemodell, og er lågare enn det som statsforvaltar har oppgitt i anslaget sitt. Kommunedirektøren har vald det lågaste alternativet av dei to basert på eit aktsemndsprinsipp. Sidan inntektssystemet er heilt nytt, kan det vere uvisse knytt til storleiken på kommunen sine skatteinntekter i åra framover.

Kostnaden med å drive kommunen, saman med andre utgifter, til dømes finansutgifter, ligg betydeleg høgare enn dei inntektene kommunen får. Det betyr at kommunen må ta grep for å sikre måltal om eit positivt driftsresultat. Det vil ikkje vere berekraftig å finansiere drifta med sparepengane på disposisjonsfondet. På kort sikt ligg handlingsrommet i innsparingstiltak i driftsorganisasjonen, og kommunedirektøren har lagt inn forslag til innsparingstiltak på om lag 30 mill i 2025. Vidare i økonomiplanperioden er det lagt inn kr 10 mill per år i innsparinger. På lang sikt vil det også vere viktig å vurdere strukturelle endringar og potensialet for nye inntekter. Dette vil bli vurdert i prosjektet "langsiktig økonomisk utvikling" som startar i slutten november 2024.

### **Avhengig av havbruksinntekter**

Med kr 30 mill i innsparinger vil kommunen i 2025 få eit negativt driftsresultat (underskot) på kr 5,3 mill. Det er langt frå måltalet på 1,75% i netto driftsresultat. Kommunedirektøren vurderer det likevel som krevjande å legge inn fleire spesifiserte innsparingstiltak i driftsorganisasjonen utan ei djupare analyse. Prosjektet "langsiktig økonomisk utvikling" skal gjennomføre denne analysen og presentere innsparingstiltak på minimum kr 50 mill våren 2025. Forslag til innsparingstiltak frå dette prosjektet vil bli lagt inn i økonomiplanane dei neste åra.

Situasjonen hadde vore langt meir krevjande utan havbruksinntektene, alle desse inntektene blir i dag brukt til å finansiere drifta. Dette viser seg også i utviklinga av netto driftsresultat i økonomiplanperioden. På grunn av sal av konsesjonar innan havbruk kvart 2. år, får kommunane langt høgare inntekter frå havbruksfondet desse åra. For Austevoll kommune blir det lågare inntekter frå havbruksfondet i 2025 og 2027. I 2027 vil det vere eit negativt driftsresultat på 17,3 mill, medan i 2026 vil det vere eit positivt driftsresultat 23,6 mill. Denne "berg-og-dal-bane"-profilen viser at kommunen er for avhengig av havbruksinntektene for å finansiere drifta. Det å vere avhengig av havbruksinntektene kan vere ein risiko i framtida, det er usikkert korleis dette utviklar seg. Kommunen bør derfor legge opp til ei langsiktig økonomisk utvikling, der ein er mindre avhengig av midlar frå havbruksfondet.

### **Innsparingstiltaka får konsekvensar**

Innsparingstiltak på kr 30 mill i 2025 er eit betydeleg beløp, og alle sektorar og fagområde har jobba målretta med å finne aktuelle tiltak. I vurderinga er det lagt vekt på å finne tiltak som gir størst mogleg økonomisk effekt, og minst mogleg konsekvens for innbyggjarar, tenester og tilsette. Utfordringa er at kommunen er ein tenesteytar og gir tenester til innbyggjarane. Derfor vil fleire av dei tilrådde innsparingstiltaka få konsekvensar både for lokalsamfunn, tenester, aktivitetar og organisasjon. Det er lagt opp til at innsparingstiltaka skal ha heilårverknad i 2025, både økonomisk og i forhold til gjennomføring. Men fleire av tiltaka krev prosess, og det kan påverke verknad for 2025. Kommunedirektøren vil legge fram status på tiltaka i samband med tertialrapporteringane i 2025. Kommunedirektøren vil vidare kommentere nokre av dei mest sentrale innsparingstiltaka:

**Helse og velferd:**

Sektoren har lagt innsparingar på totalt kr 10,2 mill. Her er nokre sentrale innsparingstiltak:

Tiltak	Beløp	Vurdering
Tildelingskontor – vurdering av ulike tenester	Kr 1.134.000	Tildelingskontoret tildeler tenester innan helse og velferd etter søknad. Søknad blir vurdert ut frå behov og lovkrav. Her vil det vere mogleg å ha ein strammare praksis for tiltak i enkelte tenester.
Fast tilsetting av vikar i legetenesta.	Kr 1.613.000	I legetenesta er det foreslått å tilsette ein ny fast vikarlege, og den vil bidra til kr 1,6 mill i årlege innsparingar, mellom anna med sparte vikarutgifter til vikarbyrå og auka inntekter.
Pleie og omsorg – tilpassing til driftsnivå	Kr 4.963.000	Innsparinga er ei naturleg tilpassing til det driftsnivået eining har, og er eit resultat av strukturelle og organisasjonsmessige tilpassingar dei siste åra.
Miljøarbeidartjeneste. Justering av drift på grunn av endra behov og tilpassing.	Kr 1.450.000	Tilpassa tenesta i forhold til ulike behov, både for brukargruppe og for organisasjonen. Ingen lovkrav blir råka, men tiltaka vil krevje prosessar.

**Oppvekst, kultur og fritid:**

Sektoren har lagt inn innsparingstiltak på kr 6,7 mill. Her er nokre sentrale innsparingstiltak:

Tiltak	Beløp	Vurdering
Reduksjon driftskostnadar og årsverk i skulesektoren.	Kr 3.864.000	Grunnskulen har dei siste åra hatt ei auke i lærarårsverk og assistenter på grunn av auka elevtal, endra behov og nye oppgåver. I tillegg har skulen hatt ei generell kostnadsauke. I åra framover vil elevtalet gå ned og sektoren må jobbe med å redusere kostnadsnivået. Basert på nye behov, er det eit handlingsrom til å redusere driftskostnader og årsverk i skulesektoren. Slike endringar skal i første omgang skje når nokon sluttar og ved ei vurdering av mellombelse stillingar.
Reduksjon tilskot til lag og organisasjoner	Kr 1.020.000	Dette gjeld reduksjon til tilskot som lag og organisasjoner kan søke på. Dette er ikkje ei lovpålagt oppgåve. Dette vil truleg gjere at enkelte frivillige lag og organisasjoner må redusere tilbodet sitt.
Ta vekk skulelunsj	Kr 672.000	Skulelunsj er eit godt trivselstiltak som gir elevane eit måltid i løpet av skuledagen. Det er ikkje ei lovpålagt oppgåve, og det er mange kommunar som ikkje har eit slikt tilbod.

## **Samfunnsutvikling**

Sektoren har lagt inn innsparingstiltak på kr 7,3 mill. Her er nokre sentrale innsparingstiltak:

Tiltak	Beløp	Vurdering
Vedlikehald av kommunal veg, bygg og anlegg	Kr 1.030.000	Vedlikehald av ulike anlegg er viktig for å sikre lengre levetid og hindre forfall. Reduksjon på over 1 mill vil få konsekvens for drift av tenestene i bygga, samt levetid og forfall.
Reduksjon i driftstilskot til AIK og SIL	Kr 150.000	Det er foreslått å redusere driftstilskotet til idrettsklubbane med kr 75.000 per klubb. Dette kan få konsekvens for aktivitetar og drift av klubbane.

## **Adm, stab og støtte**

Sektoren har lagt inn innsparingstiltak på kr 5,6 mill. Her er nokre sentrale innsparingstiltak:

Tiltak	Beløp	Vurdering
Redusere sentral pott til lønsauke	Kr 4.000.000	Redusere den sentrale ramma som er satt av til lønsauke. Ramma som var satt av i 2024 var høg. Det er eit mål at lønsauken skal ligge i rammene til einingane i framtida.
Effekt prosjekt langsiktig økonomisk utvikling	Kr 2.000.000	Dette er ei generell innsparing for 2025, der målet er å hente ut effektar av prosjektet allereie i 2025.

## **Andre tiltak som påverkar driftsresultatet**

I tillegg til innsparingstiltak har kommunedirektøren foreslått andre tiltak som påverkar driftsresultatet:

Tiltak	Beløp	Vurdering
Auka kostnadar for IKT	Kr 1.200.000	Austevoll er med i IKT Nordhordland og digitaliseringssamarbeid. Det er auka kostnadar i samarbeidet og auka kostnadar til lisensar.
Auka tilskot til barnehagar	Kr 6.000.000	Austevoll kommune har berre private barnehagar og betalar staten sine satsar for driftstilskot. Staten har auka satsane med 9,6% for store born og 7,2% for små born. Dette utgjer ei auke på kr 6 mill samanlikna med 2024.
Barnevernet institusjonsplass	Kr 2.400.000	Barnevernet må kjøpe plass på institusjon. Dette gir ein kostnad på kr 2,4 mill i året.
Moglegheitsstudie Demens	Kr 500.000	Det er lagt inn prosjektmidlar til ei moglegheitsstudie for framtidig demensomsorg.
Vedlikehald Storebø skule	Kr 500.000	For å handtere manglande vedlikehald dei siste åra blir det foreslått å sette av kr 500.000 i øyremerka midlar til vedlikehald på Storebø skule.

Vurdering av medlemskap og samarbeid	Kr 500.000	I budsjettdokumentet i Framsikt er det lagt ved ei liste over medlemskap og samarbeid. Kommunedirektøren planlegg ein gjennomgang av alle medlemskap og samarbeid, for å vurdere kva for samarbeid som er viktig å delta i. Dette vil bli lagt fram for kommunestyret som eiga sak. Det er lagt inn eit innsparingsmål på kr 500.000 som følgje av ein slik gjennomgang.
--------------------------------------	------------	--

### Busetting av flyktingar

I budsjettframlegget for 2025 ligg det inne midlar basert på dei flyktingane kommunen har per 2024. Kommunen har ikkje mottatt førespurnad frå IMDI om busetting av flyktingar for 2025. Dette vil bli lagt fram for kommunestyret så snart IMDI kjem med sin førespurnad.

### Budsjettinnspeil frå soknerådet

Soknerådet sitt budsjettinnspeil er ikkje tatt med i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett på grunn av at dette ikkje var klart i tide. Innspelet er no mottatt, og soknerådet ber om ei ekstraløyving i høve til ramma i økonomiplanen på om lag kr 540 000,-

Soknerådet har, på bakgrunn av tilbakemelding frå kommunedirektøren, funne det nødvendig å ha ein gjennomgang for å redusere utgiftene. Dette kjem i tillegg til arbeidet med eit realistisk budsjettframlegg på alle områder. Gjennomgangen har resultert i at bemanninga samla sett blir redusert med 40%. I tillegg er det identifisert at tidlegare budsjetterte inntekter har vore urealistiske. Saman med generell løns- og prisauke fører desse elementa til ønske om auke i ramme på om lag kr 540 000,-


Kommunedirektøren ser at soknerådet har foreslått innsparingstiltak i form av å redusere stillingar, og eit forslag om at kommunen skal overta arbeidet med føring av rekneskap. Dersom kommunen skal overta rekneskapsføringa til soknerådet må det være basert på ei heilskapleg vurdering knytt til kompetanse og kapasitet, dette forslaget er noko som kan bli vurdert på sikt.

Kommunedirektøren vurderer at det er krevjande å tilrå ei auke på kr 540 000,- til dette området samtidig som ein gjer innsparinger og kutt i alle sektorar i kommunen.

Kommunedirektøren vil tilrå at soknerådet ser på ytterlegare områder for innsparing, og eventuelle områder for inntening som til dømes festeavgift gravplassar.

### Gjeldsutvikling og reduksjon i investeringar

For å redusere finanskostnadane, som blir belasta driftsbudsjettet, legg kommunedirektøren opp til å redusere investeringane i økonomiplanperioden. Totalt er det lagt opp til investeringar for kr 73,25 mill i perioden, og i 2025 er det foreslått investeringar på kr 27,2 mill. Dette blir i hovudsak finansiert med lånte midlar, men kommunedirektøren legg opp til eit låneopptak som er tilnærma lik avdragsprofilen. Det betyr at gjelda ikkje aukar, og at gjeldsgraden vil få ei positiv utvikling i forhold til vedtatt måltal på 90% av driftsinntektene. Figuren under viser utviklinga i gjeldsgraden.



I 2025 legg kommunedirektøren opp til investeringar for kr 27,2 mill, og her er nokre av investeringane som er viktig å prioritere:

Prosjekt	Beløp	Vurdering
Kamera-overvaking Austevoll ungdomsskule	Kr 250.000	For å kunne redusere hærverk på ungdomsskulen og idrettsanlegget, er det behov for å investere i kamera-overvaking. Dette vil gje ei direkte innsparing på driftsbudsjettet. Kamera vil bli nytta i tråd med lover og reglar for kamera-overvaking
Arbeid med kommuneplan	Kr 2.500.000	Det er viktig å få på plass kommuneplanen sin samfunnssdel og arealdel som overordna styringsdokument. Midlane vil bli nytta til eksterne konsulentar i planarbeidet.
Oppgradering og digitalisering av byggesaksarkiv	Kr 1.300.000	Austevoll kommune har eit papirarkiv på byggesak frå 1964 fram til 2020. Ved å digitalisere byggesaksarkivet vil innbyggjarane lettare få tilgang på saker, samstundes som ei digitalisering vil gjøre arbeidsprosessane lettare og mindre arbeidskrevjande. Digitalisering av arkivet vil kunne gje innbyggjarane betre tilrettelagte tenester og ei betre kundeoppleveling.
Prosjekt i utgreiingsfase	Kr 2.000.000	For å sikre god prosjektstyring av investeringsprosjekta, skal alle prosjekta gjennom ei utgreiingsfase for å vurdere behov og konsept. Dette er i tråd med nytt reglement for investeringsprosjekt. Det er foreslått fleire prosjekt som skal gjennom ei utgreiingsfase.

Prosjektleiing	Kr 1.500.000	Det er behov for å sikre god oppfølging av alle investeringsprosjekt. Det betyr at kommunen må ha kompetanse og kapasitet til å sikre at alle gjennomfører investeringsprosjekt i tråd med vedtatt prosjektreglement. Kommunedirektøren foreslår å tilsette ein fagansvarleg for prosjektstyring som skal følgje opp dette fagområdet. Denne stillinga blir finansiert gjennom investeringsmidlar.
Storebø skule	Kr 1.000.000	Kommunedirektøren vil starte eit arbeid med å lage ein plan for kortsiktige og langsiktige tiltak ved skulen. Det er sett av kr 1 mill i investeringsbudsjettet 2025 til å utarbeide ein slik plan. Kommunedirektøren legg opp til å presentere ein plan i løpet av våren 2025, slik at evt. nye investeringar kan bli lagt inn i 1. tertialrapport for 2025. For å handtere manglende vedlikehald dei siste åra, vil kommunedirektøren også foreslå å sette av kr 500.000 til vedlikehald på skulen i 2025. Dette blir lagt inn i driftsbudsjettet.


## Økonomisk utvikling i perioden

Dei økonomiske måltala som kommunestyret har vedtatt er styrande for kommunedirektøren sine tilrådingar i framlegget til økonomiplan 2025 – 2028. Den økonomiske utviklinga vil bli målt opp mot desse måltala.

## **Disposisjonsfond**

Målalet for disposisjonsfondet er 13% av driftsinntektene. Per 31.12.23 var disposisjonsfondet på kr 116,4. I tillegg kjem avsettingar i 2024. Utviklinga i perioden er positiv og disposisjonsfondet vil ligge over målalet på 13% i heile perioden.


### Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



## Lånegjeld

Måltallet for lånegjeld er 90% av driftsinntektene. Utviklinga i perioden er positiv og gjeldsgraden vil i 2028 ligge under måltallet på 90%.

### Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter




Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Austevoll kommune	103,7 %	103,7 %	96,2 %	99,1 %	102,5 %	104,1 %	96,6 %	100,8 %	88,9 %
Måltall	90,0 %	90,0 %	90,0 %	90,0 %	90,0 %	90,0 %	90,0 %	90,0 %	90,0 %

## Netto driftsresultat

Måltallet for netto driftsresultat er 1,75% av driftsinntektene. Netto driftsresultat vil svinge i perioden, og det skuldast svingingar i havbruksinntektene. For å sikre ei meir stabil utvikling av netto driftsresultat, bør kommunen bli mindre avhengig av havbruksinntektene for å finansiere driftsorganisasjonen.

### Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Tabell	KOSTRA 2020	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	Budsjett 2024	Økplan 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028
Austevoll kommune	6,7 %	2,8 %	4,9 %	-2,2 %	0,1 %	-0,9 %	3,7 %	-2,9 %	5,2 %
Måltall	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %

## Kommunedirektøren sin konklusjon

Det nye inntektssystemet gir mindre inntekter til Austevoll kommune, og utgiftene blir høgare enn inntektene. Kommunen må derfor ta grep for å tilpasse seg nye rammevilkår. Samtidig vil kommunen framleis ligge over gjennomsnittet i forhold til skatteinntekter, og på

sikt skal kommunen kunne ha ein god økonomi for å utvikle lokalsamfunnet, tenester og organisasjon. Utfordringa er å handtere overgangen til det nye inntektssystemet.

På kort sikt er det behov for gjennomføre innsparinger i driftsorganisasjonen, og for 2025 er det foreslått kr 30 mill i ulike tiltak. Det er eit mål at desse tiltaka skal ha minst mogleg konsekvensar for innbyggjarar, tenester og tilsette, men det er utfordrande når kommunen har ei rolle som tenesteytar. I tillegg er det lagt opp til ein betydeleg reduksjon i investeringane. På lang sikt må kommunen vurdere strukturelle endringar, potensialet for nye inntekter og strategiske investeringar som gir lågare driftsutgifter - i tillegg til nye innsparingstiltak. Dette vil bli vurdert i prosjektet "langsiktig økonomisk utvikling", som skal levere sine tilrådingar i april 2025.

I framlegget til økonomiplan 2025 – 2028 er det lagt opp til ei positiv økonomisk utvikling, målt opp mot kommunen sine økonomiske måltal. Den største utfordringa er at kommunen er avhengig av havbruksinntektene for å finansiere drifta. Det bør derfor vere eit mål for den økonomiske utviklinga at kommunen blir mindre avhengig av havbruksinntektene i drift. Der er viktig å skape eit økonomisk handlingsrom som gjer at desse inntektene blir nytta til målretta samfunnsutvikling og prioriterte investeringar.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Kommunedirektøren tilrår kommunestyret å vedta økonomiplanen 2025 – 2028, slik den er lagt fram i saka.

Vedlegg

- 1 Statsbudsjett2025
- 2 Rammetilskot forslag til statsbudsjett
- 3 Budsjettering av innsparinger i årsbudsjett og.pdf
- 4 Partsbrev - Budsjett 2025 for kontrollutvalet
- 5 Saksframlegg med vedtak
- 6 Budsjett 2025 - talark til saka
- 7 FRAMLEGG TIL BUDSJETT AUSTEVOLL SOKN 2025
- 8 VEDLEGG 1 FRAMLEGG TIL DRIFTSBUDSJETT AUSTEVOLL SOKN 2025
- 9 Momentum Budsjettnotat - Austevoll kommune 2025 (2024\_10\_07)
- 10 Estimerte utbetalingar fra havbruksfondet til Austevoll kommune
- 11 Hordfast Austevoll kommune Søknad om kommunal driftsstøtte.pdf
- 12 Prioriteringsliste frå Austevoll idrettsråd til kommunebudsjettet 2025

- 13 Framlegg til finansiering av lager til Austevollhallen
- 14 Lager tilbygg IKA - A.10.10.02 Plan U1 og 1
- 15 Lager tilbygg IKA - A.10.20.01 Snitt A og B
- 16 Lager tilbygg IKA - A.10.60.01 Perspektiver
- 17 Pris lagerbygg Austevollhallen
- 18 Orientering om Avant med utstyr, for vedlikehold banene
- 19 Framlegg om kameraovervaking på idrettsanlegga og ungdomsskulen
- 20 Tilbud standard kameraovervåking for Austevoll Idrettsanlegg
- 21 Tilbud standard kameraovervåking for Austevoll Ungdomsskule
- 22 Tilbud standard kameraovervåking for Hundvåkøy Fotballbane
- 23 Tilbud standard kameraovervåking for Selbjørn Fotballbane
- 24 LCC kalkyle Arna Idrettspark - Myrdal.xlsx